

ÅRSRAPPORT | 2018

Trygg Trafikk Hordaland



TRYGG TRAFIKK



Prosjektleder for Hjertesone Åslaug Bergsvåg og distriktsleder Knut Olav Nestås jobbar fulltid for Trygg Trafikk i Hordaland. I tillegg jobbar Trygve Hillestad og Arne Aase honorarbasert for Trygg Trafikk.

Distriktsleder: Knut Olav Røssland Nestås

Distriktsmedarbeidar og prosjektleder for Hjertesone: Åslaug Bergsvåg

Postboks 7900, 5020 Bergen

Telefon: 412 06 132 og 984 51 578

E-post: nestas@tryggtrafikk.no og bergsvag@tryggtrafikk.no

TRYGG TRAFIKK I HORDALAND

Trygg Trafikk sitt arbeid i Hordaland er styrt av Trygg Trafikk sin strategi for 2018–2025 og handlingsplan for 2018–2019. Begge desse dokumenta byggjer på føringar frå *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018–2021*. I tillegg er nokre tiltak for Trygg Trafikk Hordaland nemnde til dømes i *Regional transportplan Hordaland 2018–2029* og i investeringsprogrammet.

Distriktskontoret i Hordaland vart oppretta i 1987. Distriktsleiaren har kontor plass i fylkeshuset i Bergen

og leiar Trygg Trafikk sitt arbeid i fylket. Distriktsleiaren er løna av Trygg Trafikk, mens aktivitetsmidlar, kontorhald og reiseutgifter vert dekkja av Hordaland fylkeskommune. I tillegg til distriktsleiaren har distriktskontoret ei fulltidsstilling prosjektfinansiert av Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune frå og med februar 2018 til utgangen av 2019, i samband med Hjertesoneprosjektet. Også Arne Aase og Trygve Hillestad jobbar honorarbasert for Trygg Trafikk i Hordaland.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG MEDLEMSKOMMUNAR

Trygg Trafikk-medlemar i Hordaland: Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Masfjorden, Radøy, Sund, Sveio, Vaksdal og Øygarden, i tillegg til Hordaland fylkeskommune gjennom. Etter intensjonsavtalen som vart signert mellom Hordaland fylkeskommune, Kvam herad og Trygg Trafikk, har også Kvam intensjonar om å verta medlem av Trygg Trafikk.

Trafikksikker kommune: Austrheim, Bømlo, Kvinnherad, Lindås, Sund og Vaksdal er alle godkjende kommunar. Sund og Kvinnherad vart godkjende i løpet av 2018. For Austrheim, Lindås og Vaksdal vil det verta regodkjenning i løpet av 2019. Kvam herad starta prosessen med å verta godkjend på slutten av 2018.

I tillegg har Trygg Trafikk i løpet av året hatt dialog og samarbeidd med ei rekkje aktørar i Hordaland, til dømes: ATL, politiet og andre nødetatar, UP, Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, Vegtilsynet, kommunane, DNK, forsikringsselskap og frivillige organisasjonar som MA, NAF, KNA, Røde Kors, Personskadeforbundet, SLF, NCF med fleire. Bergen kommune er verd å nemne, særleg sidan det her i 2018 har vore eit utstrekt prosjektsamarbeid om Hjertesone med byrådsavdelingane for byutvikling og barnehage, skule og idrett, bymiljøetaten, plan- og bygningsetaten og skuleleiinga ved fleire bergensskular. Det er Bergen kommune som er prosjekteigar for Hjertesone-prosjektet, men prosjektleiinga er vedtatt lagt til Trygg Trafikk Hordaland i ei stilling samfinansiert med Hordaland fylkeskommune ved FTU.

INNHOOLD

Dette er Trygg Trafikk.....	3
Omkomne i vegtrafikken	4
Aktivitetar 2018.....	5
Økonomi og finansiering	19
Framtidige behov og moglegheiter	20

ÅRSRAPPORT HORDALAND 2018

REDAKTØR: Knut Olav Røssland Nestås

KORREKTUR: Nye Tillen

DESIGN: October Design AS

FORSIDEFOTO: Trygg trafikk

www.tryggtrafikk.no/hordaland

Dette er Trygg Trafikk

Trygg Trafikk sitt samfunnsoppdrag er å arbeida for best mogleg trafikksikkerheit for alle. Mange er opptekne av tryggleik i samferdselssektoren, men Trygg Trafikk er den einaste aktøren som berre arbeider med trafikksikkerheit.

Trygg Trafikk er ein landsdekkande medlemsorganisasjon som jobbar for betre trafikksikkerheit for alle trafikantar. Me syter for at trafikksikkerheit og informasjon om trafikksikkerheit når ut til barnehagar, skular og befolkninga elles. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken.

Gjennom konseptet Trafikksikker kommune, Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule bidreg me med rådgjeving, struktur og tiltaksplanar for auka trafikksikkerheit. Trygg Trafikk jobbar også med haldningskampanjar og med å få folk til å bruka tryggingssystem i trafikken. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken. Trafikantane sin kompetanse vil framleis ha stor innverknad på trafikksikkerheiten i mange år framover.

Samarbeidspartnar og pådrivar nasjonalt og lokalt

Trygg Trafikk fungerer som bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter nasjonalt og lokalt.

Organisasjonen møter i kontaktutvalet for trafikksikkerheit (KTS) og har ansvar eller delansvar for 35 tiltak i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018–2021*. Trygg Trafikk sine distriktsleiingar har ei sentral rolle i det kommunale og fylkeskommunale trafikksikkerheitsarbeidet.

Medlemar

Trygg Trafikk byggjer nettverk og samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker som har innverknad på trafikksikkerheiten. Medlemar i Trygg Trafikk er i hovudsak kommunar, fylkestafikktryggleiksutval (FTU), bedrifter og andre landsdekkjande organisasjonar.

Finansiering

På nasjonalt nivå vert Trygg Trafikk finansiert over statsbudsjettet og gjennom frie midlar og prosjektkjøp frå Finans Norge og forsikringsselskapa. Lokale aktivitetar rundt om i landet vert finansiert gjennom tilskot frå fylka.

TRYGG TRAFIKK SINE HOVUDOMRÅDE

Trygg Trafikk har frå 2018 ein ny strategi som gjeld for 2018–2025.

I strategien peikar me ut fem hovudområde:

- 1: Trygge og sikre barn.
- 2: Trafikksikker ungdomstid.
- 3: Tryggleik for fotgjengarar og sykkistar.
- 4: Systematisk trafikksikkerheitsarbeid.
- 5: Betre trafikksikkerheit og trafikksikker atferd.





Ni personar omkom i trafikken i Hordaland i 2018

Når me veit kva konsekvensar ei trafikkulykke fører med seg, er det også klart at alle krefter må halda fram det viktige førebyggjande trafikksikringsarbeidet. Målsetjinga vår må vera å førebyggja trafikkulykker ut frå ein tanke om at trafikken er ein fellesarena for oss alle, ein arena me er avhengige av for å fungera som enkeltmenneske og som samfunn. Difor vert det desto meir urettvist og meningslaust når så mange trafikkulykker skjer, og det utgjør framleis ei omfattande samfunnsutfordring.


Historisk sett er ni omkomne eit lågt tal for Hordaland sin del, men det er likevel ni for mange. I løpet av fjoråret omkom to menn i Bergen kommune, ein mann i Masfjorden kommune, ein gut i Askøy kommune, ein mann i Kvinnherad kommune, to menn i Vaksdal kommune og ein mann og ei kvinne i Lindås kommune. Den yngste omkomne var ein gut på 1 år, og eldste var ei kvinne på 56 år. Det var fire omkomne i aldersgruppa 0–24 år. Av dei ni omkomne var to fotgjengarar, to på motorsykkel, ein syklist og fire var i bil.

Samanlikna med tidlegare år er det ein nedgang frå 2017, der elleve omkom, men ein oppgang frå 2015 og

2016, der talet var sju omkomne begge åra. Det er også verd å merka seg at tala varierer over tid og frå år til år. Til dømes var det i 2005 ti drepne, mens det stort sett dei andre åra på dette tidspunktet var over tjue omkomne. Tal frå ulike år kan slik sett syna tilsynelatande liten skilnad om ein ser på år enkeltvis.


Likevel er det ein trend over tid at talet på drepne går ned, også i Hordaland. Det er i tillegg viktig at me ikkje gløymer dei skadde i trafikksikringsarbeidet. Til og med skadar som i media kan verta skildra som enkle eller lettare skadar, kan få varige konsekvensar for livskvalitet og høve til god livsutfalding. Me vel difor også å nemna dei ulike skadetypane for Hordaland sin del, der det innanfor kategoriane som Statistisk sentralbyrå (SSB) opererer med – meget alvorlig skadd, alvorlig skadd og lettere skadd – har vore ein relativt jamn nedgang i løpet av ein tiårsperiode, frå 946 personar i 2007 til 458 personar i 2017. Tala for ulike skadetypar for 2018 er ikkje klare enno, men trenden over tid viser ei god utvikling, sjølv om mykje enno står att.

VEGTRAFIKKULYKKER MED DREPNE I HORDALAND 2008–2018



Kjelde for tabell: SSB, Statens vegvesen og Trygg Trafikk sine talgrunnlag.

OVERSIKT OVER TALET PÅ OMKOMNE PER FYLKE I 2018



Aktivitetar 2018

1: Trygge og sikre barn

Overordna mål: Ingen barn omkjem eller vert hardt skadde i trafikken.

Talet på trafikkulykker med barn er kraftig redusert, men det er framleis trong for innsats på dette området. Trygg Trafikk vil bidra til å oppretthalda den positive utviklinga, også for nye generasjonar. Me har liten kunnskap om skadetel for barn som mjuke trafikantar. Trafikktryggleik for barn er dei vaksne sitt ansvar.

Gjennom utdanningssystemet når me alle med trafikkopplæring, også innvandrarar frå land med ein annan trafikkultur. Me oppmodar til systematisk trafikkopplæring med utgangspunkt i to grunngevingar. Den eine er at barn skal læra kva som er sikkert, og kva som er farleg, slik at dei unngår ulykker i eit kortsiktig perspektiv. Den andre er å ha eit langsiktig, førebyggjande perspektiv, etablera gode vanar og skape ein tryggleikskultur. Barn vert feilsikra i bil og buss, og mange opplever skulevegen som utrygg. Det er ei utfordring at trafikktryggleik ikkje alltid inngår som ein naturleg del av samarbeidet mellom heim, barnehage og skule.

Me er ein pådrivar for at barn skal vere trygge og sikre i trafikken. Me vil at myndighetene skal leggje større vekt på omsynet til barn og unge i planlegginga av transportsystemet, både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Difor har det i 2018 vore viktig for Trygg Trafikk i Hordaland å jobba med rekruttering av barnehagar som medlemar i Barnas Trafikkklubb, sikra god distribusjon av læringsressursane våre knytt til refleks, trafikk- og sykkelopplæring, samt jobba for å stimulera til gjennomføring av gode trafikkaksjonar kringom i fylket. Arbeid med Hjarteson-prosjektet har stått sentralt i Bergen, og samtidig har me lagt til rette for at skular som elles har meldt interesse, har fått informasjon og materiell til å gå i gang med arbeidet. Samarbeidet med Norges Cykleforbund om tidlegare Alle Barn Sykler, noverande Sykkelkids, har vore viktig også i 2018. Dette samarbeidet er med og sikrar god spreing av læringsressursane våre, noko som igjen er med og kvalitetssikrar gjennomføringa av trafikkopplæringa mange stader. Nokre milepælar i løpet av første halvåret som bør nemnast, er at det vart tilsett prosjektleiar for Hjarteson, Åslaug Bergsvåg, frå og med 1. februar. Åslaug sin viktigaste del av jobben er å sikra godt utviklingsarbeid



FAU, skuleleiinga, Statens vegvesen, politiet og Trygg Trafikk hadde felles skulestartaksjon ved Kjøkelvik skole i august 2018. Foto: Trygg Trafikk.



Barnehagekurs i regi av Trygg Trafikk Hordaland, september 2018. Foto: Trygg Trafikk.



Her har Barnas Trafikkklubb sin maskot, Lyset, snike seg med på bruopning på Bømlo saman med ein barnehage, regionvegsejefen, ordføraren og FTU-leiar Jon Askeland. 52 % av barnehagane i fylket er no medlemmar av Barnas Trafikkklubb! Foto: Anne B. Njærheim, Bømlo kommune.

og framdrift for Hjertesone, med Bergen kommune som ein pilotkommune etter sitt ambisiøse bystyrevedtak om saka. Stillinga er eit resultat av eit spleiselag mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, og Åslaug bidreg også i anna relevant trafikksikringsarbeid i Hordaland, noko som ligg inne som ein føresetnad for fylkeskommunen sitt bidrag. Likevel er naturleg nok Hjertesone hovudfokus. Mykje tid i første halvår har difor gått med til møter og synfaringar med pilotskulane, samt til å utvikla dokument om korleis skulane kan utforma hjertesoner med ein mal for den lokale trafikksikringsplanen. Det har også vore ei aktiv prosjektgruppe tilgjengeleg. Denne gruppa har bidrege i arbeidet overfor skulane. Prosjektgruppa har no representantar frå Statens vegvesen og Bergen kommune ved bymiljøetaten, plan- og bygningsetaten og byrådsavdelingane for byutvikling og barnehage, skule og idrett. I tillegg sit representantar frå Hordaland fylkeskommune si samferdselsavdeling der, og distriktsleiaren i Trygg Trafikk. Av andre vesentlege aktivitetar utover Hjertesone første halvår har det vore samarbeid om teljingar kring barnesikring med Utrykkingspolitiet, godkjenning av trafikksikre barnehagar og skular i Sund kommune, lærarkurs om trafikkopplæring i grunnskulen, kurs om sikring av barn i bil og skuleutsending på vårparten med informasjon og rettleiing i bruk av læringsressursane våre. Særleg satsing her er gjennomføring av sykkelprøven. Sykkelprøven finst i trykt format og kan bestillast i Trygg Trafikk sin nettbutikk. Han ligg samtidig

”
I løpet av sesongen er mange tusen refleksar sende ut, både fra fylkeskommunen og Trygg Trafikk.

gratis tilgjengeleg på nettsidene våre. Det er lenkje til denne me i hovudsak prøver å spreia ut til skulane. Me har ikkje full oversikt over bruk av trykt materiell, men brukbar oversikt på bruk av digitalt materiell. Her er det henta ut 354 prøvar (227 på bokmål og 127 på nynorsk) med om lag 3600 deltakarar som har gjennomført. Når det kjem til andre halvår og satsingsområdet Trygge og sikre barn, var skulestartaksjonane eit viktig startskot.

I forkant av sommaren spela distriktsleiaren inn ein «gå-til-skulen»-film som var mynta på aldersgruppa 1.-4.-trinn, saman med dottera si, Vilde, som då skulle byrja i tredje klasse. Denne filmen vart distribuert som ein del av Trygg Trafikk sin nasjonale skulestartkampanje. Av regionale og lokale tiltak vart det gjennomført ein innleiande og koordinert aksjon ved Kjøkkelvik skole, også for å markera det pågåande arbeidet med Hjertesone,



NCF er blant dei som nyttar sykkelprøven til Trygg Trafikk gjennom prosjektet Sykkelkids. Foto: Kjetil Bruarøy, Midsiden.no.

saman med FAU, skuleleiinga, Statens vegvesen og politiet. Fleire slike aksjonar vart gjennomførte både i og utanfor Bergen – først og fremst knytt til Hjertesone som overordna tematikk i samband med skulestart. Samtidig sikra Trygg Trafikk mediemerksemd kring tematikken med distribuering av ei pressemelding om at det no straks var 6000 nye førsteklassingar på vegen i Hordaland, og at tida var inne for å få farten ned og skjerpa merksemda. Pressemeldinga var på trykk i fleire lokalaviser i Hordaland. Trygg Trafikk har delteke i fleire refleksaksjonar ved skular i løpet av hausten. Arne Aase og Åslaug Bergsvåg stilte også på trafikksikringsdag ved brannstasjonen for grunnskulen i Os kommune føregående år. Andre viktige aktivitetar i andre halvår var gjennomføring av vervekampanje for Barnas Trafikkklubb, der om lag 52 % av barnehagane i fylket no er medlemmar. Det vil verta arbeidd vidare med nye vervekampanjar for Barnas Trafikkklubb for 2019, med ei målsetjing om at 60 % av barnehagane skal bli medlemmar. Trafikkteateret vart også gjennomført som tidlegare år, og hausten 2018 hadde dei førestillingar for barneskulane i Kvam herad og nokre skular i Bergen kommune, med svært gode tilbakemeldingar. Skuleutsendingar med tips om refleksaktivitetar og aksjonar kring dette førte også i 2018 til mange førespurnader om både læringsmateriell og refleksar til skulane. For 2018 har det vore eit tett og godt samarbeid med samferdselsavdelinga i fylkeskommunen om utsending av refleks. I løpet av sesongen er mange tusen refleksar sende ut, både frå fylkeskommunen og Trygg

Trafikk. Fleirtalet går til barnehagar, skular og helsestasjonar, som jo er svært viktige opplæringsinstitusjonar også for oss som jobbar med trafikktryggleik. I tillegg bør det nemnast at gjennomgang av planar, dokumentasjon og vidare godkjenning av trafikksikre barnehagar og skular i Kvinnherad kommune var viktig arbeid i andre halvår. Også i 2018 har Trygg Trafikk hatt ein permanent stand i Trafikksikkerhetshallen i Bergen. Standen har Barnas Trafikkklubb og sikring av barn i bil som tema, og det er ein monitor på standen som viser relevante filmar for riktig sikring av barn i bil, i tillegg til ein film med trafikkklubben sin maskot, Lyset.

2: Trafikksikker ungdomstid

Overordna mål: *Færre ungdommar omkjem eller vert hardt skadde i trafikken.*

Talet på drepne og hardt skadde ungdommar i alderen 15–24 år har gått ned dei siste åra. Likevel er ungdom, spesielt unge bilførarar, framleis høgt representerte på ulykkesstatistikken. I arbeidet mot nullvisjonen er ungdom ei viktig målgruppe. Ungdom vert eksponerte for trafikkarlege situasjonar på fleire måtar. I byane vel unge ofte kollektivtransport, og dei går eller sykklar framfor å køyre bil. I distrikta er bilen viktigare. Det er mange som brukar bil til skule og aktivitetar, og i ein del miljø er bilen ei viktig interesse. Dei som er opptekne av bil, køyrer meir enn andre og er dermed potensielt meir utsette for ulykker.

Trygg Trafikk har to tilnærmingar i ungdomsarbeidet. Hovudsatsinga er skuletiltak retta mot alle og har til hensikt å styrka den gode åtferda. I tillegg er det nødvendig å retta spesielle tiltak mot dei mest risikoutsette ungdommane.

I ungdomsarbeidet har Trygg Trafikk i Hordaland nokre svært viktige møtearenaer med ungdomane. Sentrale stikkord er valfaget trafikk i ungdomsskulen, samarbeid med hovudrussestyret, russetiltak og det relativt nye tiltaket #ErDuSikker?. For 2018 har det difor vore jobba særleg med desse tiltaksområda, noko som har resultert i følgjande aktivitetar.

Russearbeid

Året vart innleia med tett samarbeid med hovudrussestyret, som gjorde ein svært god jobb som bindeledd opp mot russestyra og russekullet i 2018. Samarbeidet er formalisert gjennom ei eiga samarbeidsgruppe for russefeiringa. Gruppen har medlemmar frå politiet, helsesøsternesta, rektorar og Trygg Trafikk, og er leia av opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Sentrale aktivitetar som ein del av samarbeidet, er møte med russebil-sjåførar, foreldremøte og distribusjon og framsnacking av russearrangement som det i Grieghallen og russerebusen i Åsane. Det at me i Trygg Trafikk får så gode høve til tett samarbeid med mellom anna fylkeskommunen, Statens vegvesen og politiet, for å nemna nokon, er svært verdifullt



Trygg Trafikk samarbeider med mange aktørar om betre trafikktryggleik. Ein viktig samanslutnad er Trafikkfagleg Samarbeidsutval i Nordhordland, der Trygg Trafikk har delteke i ei årrekke. Foto: Trygg Trafikk.



Russerebus 2018. Om lag 200 køyretøy deltok. Foto: Trygg Trafikk.

og gjer at ulike aktivitetar vert sette i system for ei trygg og god russetid. Her er det verd å nemna stødige koordinering frå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, særleg ved Venke Barrikmo. Fylkesdirektøren for opplæring har også vore tydeleg på verdien av dette samarbeidet, og har delteke i fleire møte for å understreka kor viktig dette er for fylkeskommunen. Det at politiet og Statens vegvesen er tett på arbeidet, gjer også at me som jobbar med trafikktryggleik på ulike vis, kan koordinera innsatsen og spissa satsinga vår inn mot ulike aktivitetar gjennom samarbeidet. Til dømes er Statens vegvesen svært sentrale i godkjenning av køyretøy, og dei kjem også med viktig informasjon om kor nivået ligg for godkjenning av eksempelvis russebusar. Politiet er sentrale i gjennomføringa av foreldremøte og i direkte kontakt med dei mange russestyra ved dei vidaregåande skulane, mens Trygg Trafikk har koordineringsansvar for gjennomføring av arrangementet i Grieghallen og russerebusen. Hovudrussestyret forpliktar seg til eit samarbeid med gruppa gjennom ein eigen samarbeidssavtale utforma av opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. I 2018 fungerte dette svært bra, noko som også resulterte i god deltaking både på russerebusen og i Grieghallen. Fredag 27. april vart arrangementet i Grieghallen gjennomført med om lag 3000 russ til stades, fordelt på to forskjellige økter kl. 09.30 og kl. 12.00. Arrangementet fekk gode tilbagemeldingar. Jamn oppslutnad over tid viser at arrangementet framleis høver godt inn som ein del av førebuinga til russetida. 2018 var første gong Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk stod som arrangørar, etter at Norsk Luftambulans har fylt denne rolla gjennom lang tid. Trygve Hillestad, som har vore primus motor gjennom mange år, hadde denne rolla også i 2018, og arrangørbyttet fekk slik sett lite å seie for den praktiske gjennomføringa.

Seinare same dag vart også russerebusen gjennomført, med om lag 200 påmelde køyretøy. Det er langt fleire køyretøy enn føregående år, noko som hovudrussestyret skal ha sin del av æra for, sidan dei ofte har hatt ein viktig del av jobben med å marknadsføra arrangementet for dei lokale russestyra. Som tidlegare år var det også svært mange frivillige som deltok, og mange ulike etatar og organisasjonar som var med og bidrog til at dette vart ein fin dag for russekullet.

#ErDuSikker?

Før sommaren hadde også samferdselsavdelinga og Trygg Trafikk gode møte med opplæringsavdelinga om eit tettare samarbeid om trafikksikringstiltak i vidaregåande skule,

”Det at me i Trygg Trafikk får så gode høve til tett samarbeid med mellom anna fylkeskommunen, Statens vegvesen og politiet for å nemna nokon, er svært verdifullt og gjer at ulike aktivitetar vert sett i system for ei trygg og god russetid.



Om lag 3000 russ deltok ved det årlege russearrangementet i Grieghallen. Her frå ein av to førestillingar. Foto: Trygg Trafikk.

i form av tiltaket #ErDuSikker?. FTU gjorde eit vedtak om at alle vidaregåande skular burde delta i #ErDuSikker?-konkurransen, noko som var bakgrunnen for møtet. Opplæringsavdelinga la ein plan for å distribuera informasjon om dette over sommaren, og invitasjonen gjekk ut til dei vidaregåande skulane som ein del av nytt skuleår 2018/2019. Seks skular deltok frå Hordaland, mot tre året før. Me skulle likevel gjerne ha sett at endå fleire skular vart med, og me vil jobba for det inn mot nytt skuleår. Kanskje bør invitasjonane til skulane gå ut endå tidlegare, og kanskje bør oppfølginga av skulane vera tettare. Som ein del av konkurransen i 2018/2019 var i alle fall deltakinga frå dei skulane som var med, god. Særleg to skular frå Hordaland hevda seg godt i toppen gjennom konkurransen. Til slutt var Knarvik vidaregåande skule ein verdig vinnar, då dei vann knapt og på målstreken framfor Askim vidaregåande skule. Som ein del av premien resulterte dette i ein konsert med Arif i desember 2018, noko som var ein kjekk dag både for arrangørane og elevane. Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes heldt ein tale til vinnarskulen og delte ut premien til Ingrid Marie Bachmann, som var kontaktperson for skulen og primus motor.

Valfag trafikk og ungdomsbedrifter

2018 har som tidlegare år også vore eit viktig år for å få ut god informasjon om moglegheitene som ligg i valfaget trafikk for ungdomsskuletrinnet. I fleire år har me no gjennomført nettverkssamlingar for lærarar, som underviser i valfaget i ungdomsskulen, og me byrjar etter kvart å få ein del lærarar på kontaktlista vår. Alle ungdomsskular får årleg informasjon om valfaget trafikk og tilbod om å delta på nettverkssamlinga for lærarar normalt i mars eller april.

I samband med nettverkssamlinga tilbyr me også lærarar økonomisk støtte til innkjøp av lærebøker og anna materiell, eit tilbod fleire skular har nytta seg av. Dette er ein enkel og effektiv måte for å stimulera til meir praktisk retta og systematiske opplæringsaktivitetar kringom i fylket. Trygg Trafikk ser for seg å vidareføra dette arbeidet i 2019, etter oppskrift frå tidlegare år. Elles bør det også nemnast at me har rettleia og støtta fleire ungdomsbedrifter i arbeidet deira. Felles for desse ungdomsbedriftene er at dei har trafikktryggleik som tema. I 2018 var distriktsleiar, også mentor for ei ungdomsbedrift. Avslutningsvis er det verd å nemna at alle tiandeklassar i fylket får Underveis-magasinet, som er eit blad Trygg Trafikk har regien på, og som set trafikktryggleik på dagsordenen.

3: Tryggleik for fotgjengarar og syklistar


Overordna mål: *Det skal verta tryggare å sykle og gå.*

Det er ei nasjonal satsing at fleire skal gå og sykla, og målet er at dette ikkje fører til fleire ulykker. Mange vegar er ikkje tilrettelagde for gåande og syklande. Mange syklistar brukar ikkje sykkelhjelm til tross for at dette reduserer risikoen for alvorleg hovudskade. Refleksbruken blant fotgjengarar er for låg, noko som gjev auka risiko for påkøyringar.

Trygg Trafikk følgjer nøye med i ulykkesutviklinga og formidlar kunnskap om tryggleik for fotgjengarar og syklistar. Me er ein pådrivar for at tilgjengeleg statistikk gjev eit rett bilde av risikonivået, og for at personskaulykkene på sykkel vert rapporterte.

Informasjons- og kampanjearbeid

Døme på viktige tiltak for Trygg Trafikk når det kjem til dette satsingsområdet, er informasjons- og kampanjearbeid, noko som i 2018 mellom anna vart rigga gjennom hjelmkampanjen *Verre er det ikke* om våren og reflekskampanjen *Mørket kommer* om hausten. Her følgjer me målsetjingane til Trygg Trafikk sentralt om spreining, mellom anna ved å tipsa om relevant materiell, kampanjefilmar og så vidare i samband med infoskriv til skular, barnehagar, helsestasjonar og i kontakt elles med relevante målgrupper. Både det kortsiktige og langsiktige perspektivet er viktig for Trygg Trafikk, der me ser opplæring av barn i dag både som ulykkesførebygging på kort sikt, så vel som ein del av satsinga på tryggleik for fotgjengarar og syklistar over tid. Barn som får god opplæring som trafikantar i dag, står sterkare rusta til å takla trafikale utfordringar som ungdomar og vaksne. Difor er også samarbeidet med NCF om Sykkelskids viktig, der me sikrar at om lag 3000 barn gjennomgår eit opplæringsprogram om sykling. I tillegg veit me at det mellom anna går føre seg svært mange refleks- og trafikkaksjonar kringom i fylket i løpet av eit år. Slike aksjonar set sikringsutstyr på dagsordenen. Her bidreg mellom anna fylkeskommunen og Trygg Trafikk med tusenvis av refleksar i løpet av året.



Betre trafikktryggleik for gåande og syklande er eit viktig satsingsområde. Foto: Trygg Trafikk.



Bilete frå filmen som vart nytta i samband med skulestart i 2018.
Foto: Trygg Trafikk.



Refleksdagen 2018 vart gjennomført tredje torsdag i oktober som vanleg. I år hadde Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk felles stand. Foto: Trygg Trafikk.

I tillegg er det viktig for oss å tipsa foreldre, lærarar, barnehagetilsette og andre om dei mange aktivitetane me har på nettsida vår om som gjeld nettopp sikringsutstyr som sykkellys, sykkelhjelm og refleks. I tillegg markerte me også i 2018 den årlege refleksdagen, tredje torsdag i oktober. I år samarbeidde me med samferdselsavdelinga i fylkeskommunen om gjennomføringa med stand på Torgallmenningen. I samband med sykkel- og refleks-sesongen hadde også Trygg Trafikk pressemeldingar og lesarinnlegg klare til utsending. Mange lokalaviser skreiv om dette, og særleg eitt lesarinnlegg om refleks treffe godt og gjorde at alle regionar hadde omtale av refleksbruk i ei eller fleire lokalaviser. Dette er vesentleg som ein del av jobben med å skapa synlegheit kring temaet i media og ute blant folk. Trygg Trafikk hadde trafikktryggleik for mjuke og sårbare trafikantar som tema for den nasjonale trafikksikringskonferansen i 2018, der Øivind Hauge Støle frå Bergen kommune og distriktsleiaren for Trygg Trafikk heldt eit innlegg saman. Føremålet med innlegget var å fortelja om status for Hjartesonar-arbeidet i Bergen og målsetjingane her for betre trafikktryggleik for gåande og syklende. I tillegg hadde Trygg Trafikk kampanjar i sosiale medium, som skapte vesentleg synlegheit. Verre er det ikke-filmene, som promoterte sykkelhjelm, vart sett av mange. Det same var tilfellet for Snapchat-filteret Mørket kommer, som var tilgjengeleg på sjølve Refleksdagen.



For oss vil det vera viktig å jobba for ei brei og heilskapleg tilnærming til trafikksikring-sarbeidet, der opplærings- og kampanjearbeidet inngår som ein naturleg del av ei større satsing også i arbeidet for betre trafikktryggleik for gåande og syklende.

Hjartesonar-prosjektet har det vore arbeidd systematisk med gjennom heile 2018, der mykje av innsatsen går på å leggja til rette for auka sykling og gange, og å leggja til rette for at dette skal skje på ein trygg og sikker måte, og på at skulane skal vere klare over si pådrivarrolla dei har i denne satsinga.



Opning av Hjartesonar ved Palmafossen skule markert ved ordførar Hans-Erik Ringkjøb, rektor, FAU- og elevrådsleiar og Trygg Trafikk. Foto: Tor Halvorsen, Voss kommune.

Trygg Trafikk som kompetansesenter

I tillegg har det også i 2018 vore ein del førespurnader om trafikksikringstiltak for gåande og syklende, både i Bergen og i resten av Hordaland. I slike tilfelle er det viktig for Trygg Trafikk å gje informasjon om korleis innspel kan sendast, og me strekkjer oss også langt for å finna ut kven innspelet bør og kan sendast til, avhengig av kven som er vegeigar på staden, og vår lokale kjennskap til trafikk-tryggleikskontaktar i Statens vegvesen eller i kommunen. Trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar er også eit tema me er opptekne av i kontakt med avgjerdstakarar, både politisk og administrativt. Difor har også Trygg Trafikk i Hordaland mellom anna vore ein pådrivar for at me får ein kunnskapsoversikt i samband med sykkelulykker, tilsvarende den ein laga ved Oslo skadelegevakt i 2014. Ei slik oversikt vil avdekkje kor store mørketala for sykkelulykker er i ein by som Bergen. Samtidig vil ein slik rapport kunna gje oss svært nyttig informasjon både om omfanget og kva som er årsakene til dei mange ulykkene som ikkje vert rapporterte inn som trafikkulykker. Me veit at eineulykker på sykkel ofte berre medfører lettare personskarar, men me skulle gjerne visst meir om kvifor desse ulykkene skjer. Også eineulykker på sykkel er per definisjon trafikkulykker, men likevel vert eit fåtal registrert som trafikkulykker. Trygg Trafikk vil halda fram med å jobba for at me får nød-

vendig kunnskap om årsakene til ulykker, og me vil vera ein pådrivar for gjennomføring av føremåls-gagnlege tiltak, som å redusera talet på ulykker. Samtidig vil me førebyggja ein framtidig mogleg auke i talet på ulykker som følgje av at fleire byrjar å gå og sykle samanlikna med i dag. For oss vil det vera viktig å jobba for ei brei og heilskapleg tilnærming til trafikksikringsarbeidet, der opplærings- og kampanjearbeidet inngår som ein naturleg del av ei større satsing også i arbeidet for betre trafikktryggleik for gåande og syklende.

4: Systematisk trafikktryggingsarbeid

Overordna mål: *Kommunar og fylkeskommunar arbeider systematisk med trafikktryggleik.*

Kommunar og fylkeskommunar har eit viktig ansvar for innbygarane sin trafikktryggleik, mellom anna som vegeigar, skuleeigar og arbeidsgjevar. Trafikktryggleik er eit tverrfagleg område, og samordning av arbeidet er ei utfordring.

Trafikksikker kommune og Trafikksikker fylkeskommune er godkjeningsordningar utvikla av Trygg Trafikk. Kriteria byggjer på eksisterande lowverk, og ordningane er ei hjelp for kommunar og fylkeskommunar til å systematisera trafikktryggingsarbeidet på tvers av sektorar. Folkehelsearbeidet er sentralt i kommunar og fylke, og det er naturleg å knyta trafikktryggleik til det ulykkesførebyggjande helsearbeidet.

Trafikksikker kommune

Trygg Trafikk har dei siste åra arbeidd aktivt med godkjeningsordninga Trafikksikker kommune i tråd med nasjonale og regionale målsetjingar. I *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014–2017* var det eit mål om minst tre godkjende kommunar i kvart fylke innan utgangen av 2017. Det målet nådde Hordaland med fire godkjende kommunar på plass. I *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018–2021* er det ei målsetjing om 125 godkjende kommunar. Med utgangspunkt i dagens atten fylkeskommunar

motsvarer det om lag sju godkjende kommunar. Fordelt på elleve fylkeskommunar i samband med fylkessamanslåinga, motsvarer talet tolv kommunar (om me rundar opp). Både Hordaland og nye Vestland ligg an til å levera eit slikt tal kommunar i tråd med vedtekte målsetjingar. Hordaland har per i dag seks godkjende: Vaksdal, Austrheim, Lindås, Bømlo, Sund og Kvinnherad. I tillegg er Kvam herad, som vart rekruttert inn i arbeidet i september 2018, i prosess for å verta godkjend. Sund kommune vart godkjend i mai 2018 og Kvinnherad i september 2018.



Nettverksbygging og kunnskapsdeling på tvers av kommunar og etatar er viktig som ein del av Trafikksikker kommune-arbeidet. Her frå nettverkssamling i november 2018. Foto: Trygg Trafikk.

Mot slutten av året vart det også arbeidd med eit skriv til kommunane, som tek mål av seg om å rekruttera inn endå fleire kommunar i 2019, sjølv om me er på stø kurs mot dei vedtekte måltala i den nasjonale tiltaksplanen. Trafikksikker kommune har fleire mål for kommunane som deltek: betre forankring av trafikksikringsarbeidet, ei meir tverrfagleg tilnærming, tydelegare målsetjingar for opplærings- og informasjonsarbeidet og tydelege retningssliner for reiser i teneste for dei tilsette, for å nemna noko. Men i tillegg til det indremedisinske i kvar kommune er me også svært opptekne av den kunnskapsdelinga og formidlinga av beste praksis som Trafikksikker kommune-samarbeidet opnar for.


Sentrale aktivitetar

Dette skjer både gjennom formidling av planar, tiltak og lure grep frå andre kommunar i sektorvise møte i kommunane, og gjennom kurs, nettverkssamlingar og i kontakt med faggrupper. I tillegg er tett og god dialog med kontaktpersonane viktig, sidan det ofte er desse som veit kven som bør ha kva av tips og råd. Sentrale aktivitetar for Trafikksikker kommune i 2018 har vore einingsmøter i Sund og Kvinnherad, godkjenning av desse kommunane i løpet av året, rekruttering av Kvam og oppstartsmøte med rådmannen si leiargruppe, ordførar og prosjektgruppa. I tillegg har me hatt kurs for faggrupper som barnehageutsette, heimesjukepleia, helsesjukepleiarar og lærarar, og nettverkssamling for barnehage og skule. Me hadde også i 2018 eit nettverksmøte for kontaktpersonane, der dei fekk høve til å dela erfaringar seg imellom og få informasjon

om regodkjenning og ny planlagd mal for kommunale trafikksikringsplanar. Eit anna viktig element er å stimulera relevante fagpersonar til å vera med på konferansar og samlingar. Mellom anna fekk alle dei trafikksikre kommunane tilbod om å delta på Trafikksikkerhetskongressen i Oslo, med støtte frå Trygg Trafikk. Det deltok fire personar frå Lindås kommune. I tillegg er det gjeve støtte til innkjøp av Trafikksikker kommune-vestar i Sund kommune og ein reflekskampanje i regi av Kvinnherad kommune. Mindre innkjøp av materiell og effektar er også gjort til skular og barnehagar frå dei ulike trafikksikre kommunane, etter førespurnad eller deltaking på kurs. Det har vorte arbeidd vidare med utforming av ei eiga godkjeningsordning for Trafikksikker fylkeskommune, noko Hordaland tidlegare har uttrykt interesse for å vera med på. I 2018 bidrog samferdselsavdelinga i fylkeskommunen og Trygg Trafikk med innspel til kriterium for samferdselssektoren som ein del av ordninga. I tillegg har Oppland fylkeskommune fungert som ein pilot i arbeidet. Ut frå desse erfaringane vil Trygg Trafikk tilrå ei heilskapleg godkjeningsordning for Trafikksikker fylkeskommune. Likevel er det ikkje til å unngå at dei fleste fylkeskommunane per i dag er gjennom omfattande arbeid med regionreforma, og difor vil nok ei initiering av arbeidet vera avhengig av vilje til det i dei nye fylkeskommunane. Trygg Trafikk vil følgja opp dette initiativet overfor nye Vestland fylkeskommune.



Varaordførar Nils Kåre Skoge fekk overlevert skilt som symbol på at kommunen vart godkjend som trafikksikker kommune av Trygg Trafikk i mai. Foto: Trygg Trafikk.



5: Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtfærd

Overordna mål: Trafikktryggleiken i samfunnet må betrast.

Talet på alvorlege trafikkulykker er sterkt redusert, men me er framleis eit godt stykke unna nasjonale mål. Trafikantane si åtfærd er medverkande årsak til dei fleste dødsulykker, særleg ruskøyring, høg fart og manglande førarddyktigheit. Distraksjon har vorte eit aukande problem i trafikken.

Medarbeider målretta for at myndigheiter, næringsliv, organisasjonar og enkeltpersonar skal ha eit bevisst forhold til tryggleik, og at dei skal vera motiverte til å ta sikre val i trafikken.

Minnemarkering

Ein viktig årleg aktivitet tidleg på året er minnemarkeringa. For 2018 fann denne stad 22. februar og vart gjennomført i Bergen rådhus. Deretter gjekk me i fakkeltog til Korskirken der siste del av arrangementet fann stad. Om lag hundre menneske deltok ved dei ulike delane av arrangementet. I rådhuset var det appellar frå ordførar i Bergen Marte Mjøs Persen, avdelingsdirektør i Statens vegvesen Grethe Vikane og musikalske innslag frå kulturskulen. I Korskirken vart sekvensen leia av prest Gunnar Erstad, og det var mellom anna ein sterk tale frå ein pårørende frå tidlegare år og diktlesing og blomemarkering frå andre pårørende. Koret Sola Fide var også på plass. Arrangementet har dei siste åra dreia i retning av å vera eit opnare arrangement, der me søker ut i det offentlege rom for å synleggjera konsekvensane av trafikkulykker og kor mange som vert påverka av desse. Me opplever at både pårørende, personell som jobbar i nødetatane, frivillige og andre som sympatiserer med saka, opplever minnemarkeringa som eit fint arrangement å vera med på. Difor vil me halda fram arbeidet også komande år. I tillegg er det verd å nemna at markeringa pleier få god mediemerksemd, og i 2018 var både NRK og Bergens Tidende på plass for å dekkja arrangementet direkte.

Trafikktryggleik engasjerer

Elles på året merkar me også at temaet betre trafikktryg-

gleik og trafikksikker åtfærd er noko som engasjerer både vanlege folk og media. Difor har det også i 2018 vore fleire mediesaker som vedkjem manglande merksemd, manglande bruk av sikringsutstyr, høg fart og statusoppdateringar om ulykkesutvikling i fylket. Intervju med distrikt sleiar om mellom anna ulykkestal er gjort både med NRK Vestlandsrevyen og TV2 Nyhetskanalen i løpet av året. Med bakgrunn i at dette er eit repeterande tema valde også distrikt sleiaren å skriva ein kronikk om ulykkesutviklinga over tid, med tittelen Målet er ingen drepne i trafikken. Kronikken vart først publisert i BT under tittelen Trafikantane er betre enn sitt rykte, der sluttpoenget meir dreia seg inn mot framtidig byutvikling og satsinga på at fleire skal sykla og gå. Kronikken vart også publisert i fleire lokalaviser, Nye Meninger og fagtidsskriftet Trafikkskolen, men då under opphavleg tittel og med større fokus på trafikkopplæring som kjerneelement i trafikksikringsarbeidet.

Pådrivararbeid

Dette heng også tett saman med Trygg Trafikk sitt pådrivararbeid i 2018 for å sikra framtidige kompetansemål i skuleverket når det kjem til trafikk og sykkel. FTU hand-sama også denne problemstillinga i 2018, og dei sende inn ein høyringsuttale til Utdanningsdirektoratet i samband med framlegg til nye skisser for læreplanverket. I uttalen var FTU negative til at trafikk ikkje var nemnt, og etter-spurde relevante kompetansemål for trafikkopplæring i det

Kronikk på trykk i BT, fleire lokalaviser og tidsskriftet «Trafikkskolen» i 2018.
Foto: Trygg Trafikk



Trygg Trafikk har i 2018 delteke på ei rekke arrangement som er relevante for tematikken betre trafikktryggleik og trafikksikker åtfærd.

endelege framlegget til læreplanverket. Saka vil halda fram i 2019, og Trygg Trafikk vil syta for at FTU er godt oppdaterte i vidare sakshandsaming. Ei anna relevant pådrivarsak Trygg Trafikk har jobba med i 2018, er belte i bussar ved nye anbud. Fylkestinget vedtok i juni 2018 at ved nye anbud på bussruter, skal belte vera eit anbuds-kriterium. Her har det vore kontakt både med politikarar om saka og publikum. Det bør også nemnast arbeidet med regionreform, og fylkessamanslåinga mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Her har det vore tett og god dialog både med administrasjonen i Hordaland, vore gjennomført eige møte saman med samferdsleleiinga i Sogn og Fjordane og gjeve innspel til samferdsledirektørane og fellesnemnda om m.a. organisering av FTU i nye Trygg Trafikk har i 2018 delteke på ei rekke arrangement som er relevante for tematikken betre trafikktryggleik og trafikksikker åtfærd, til dømes ved kurs for Friomsorgen, Solvik syns- og meistringssenter og trafikkdagar ved Arne Aase, i tillegg til føredrag på folkehøgskule ved distrikt sleiaren. Anna relevant pådrivararbeid i 2018 har vore programinnspel til dei ulike fylkespartia som stiller til val i 2019. Distrikt sleiarane i Sogn og Fjor-

dane og Hordaland har samordna felles innspel i samband med programprosessane til FrP, Sp, Høgre, Venstre, KrF, Ap, SV, MDG og Raudt. I innspela presiserte me eit ynskje om betra trafikktryggleik gjennom ei brei og heilskapleg satsing, der mellom anna informasjons- og opplæringsarbeid er ein viktig del, i tillegg til fysiske tiltak. Det har også vorte gjeve høyringsinnspel eller vore deltaking i kommunale arbeidsgrupper i samband med revidering av planverk, mellom anna i Askøy kommune. Distrikt sleiaren deltok på NTP-konferansen i regi av Hordaland fylkeskommune 5. oktober, og minna der kommunar, fylkeskommunar og andre relevante aktørar om kor viktig den nye Barnas transportplan er. Denne planen er ein del av siste utgåve av Nasjonal transportplan.

Viktige trafikksikringsarrangement

Den årlege trafikksikringsdagen i august er ein viktig aktivitet for oss i løpet av året, og dagen vart gjennomført laurdag 25. august på Festplassen. Dei same aktørane som i 2017 samarbeidde om tiltaket, men også Skysst var med att i 2018. To ulykkesdemonstrasjonar vart gjennomførte, og det var jamt over god deltaking på arrangementet, som varte frå kl. 12.00 til 15.00. Eit anna viktig arrangement det vert samarbeidd godt om, er den regionale trafikksikringskonferansen i regi av Hordaland fylkeskommune. Dei siste åra har det vore god dialog om innhaldet, og me opplever at konferansen i aukande grad verdset breidda i trafikksikringsarbeidet. Fysiske tiltak har framleis ein viktig plass, men det er også plass til omtale og orienteringar kring trafikantretta og organisatorisk trafikksikringsarbeid. Konferansen har jamn og solid oppslutnad, famnar breitt og engasjerer. På årets konferanse heldt prosjekt leiaren for Hjartesonene i Trygg Trafikk Hordaland eit innlegg om arbeidet.



Minnemarkeringa vart gjennomført i februar og hadde om lag 100 deltakarar. Ein viktig del av arrangementet dei siste åra har vore eit eige fakkeltog. Foto: Trygg Trafikk.

Hjartesonene er eit viktig satsingsområde for Trygg Trafikk. Her frå opninga av Hjartesonene ved Palmafossen skule. Foto: Palmafossen skule.

Breitt og godt samarbeid

Dei ulike arrangementa som vert gjennomførte i løpet av eitt år, og teljingane våre, hadde ikkje vore moglege utan godt samarbeid mellom ei rekkje aktørar. Her er det mange som både kan og bør nemnast, og nokre av dei er Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, politiet/UP, NAF, MA Hordaland, Personskadeforbundet LTN, Røde Kors, Gjensidige og kommunane i fylket. Gjennom samarbeidet med MA Hordaland fekk me endå fleire til å telja refleksar på forskjellige stader i samband med fjorårets reflekssteljing. Arne Aase, Trygve Hillestad og distriktsleiaren har også delteke i teljingane. Resultatet for 2018 viser ein refleksbruk på 42 % i Hordaland, noko som er litt under landssnittet på 44 %. Særleg refleksbruken i Bergen dreg ned, der langt færre nyttar refleks enn i fylket elles. Me ser også ein stor forskjell på refleksbruk i tettbygde stork og langs landeveg. Desse tala vert vekta mot kvarandre, slik at 42 % seier noko om snittbruken totalt. Når det kjem til sikring av barn i bil-teljningane, skjer desse i samarbeid med UP. Teljingar her viser at 57 % av barna frå 1–3 år sit bakovervendt. I 2010 gjorde 20 % det, noko som viser ei svært god utvikling over tid. Når me veit effektane av bakovervendt sikring, er det likevel viktig å halda trykket oppe, og dette er noko Trygg Trafikk både på fylkesnivå og sentralt får svært mange førespurnader om i løpet av året.

Spørspurnader frå publikum

Difor har me også lansert <https://bilstolvelgeren.no/> som skal koma med enkle og presise råd og tilrådingar for val av utstyr. I tillegg til sikring av barn i bil får me publikumsførespurnader om mykje anna. Mellom anna spørsmål om trafikkreglar, skuleskyss og betring av tryggleiken i nærmiljø. I tillegg merkar me omfattande sesongvise førespurnader om til dømes sykling og refleks. Ved førespurnader er det viktig for Trygg Trafikk å koma med tips, råd og relevant rettleiing. Mykje god informasjon finst tilgjengeleg på nettet, og det sit også mange gode fagfolk ute i kommunane, i fylkeskommunen og i Statens vegvesen, men det er ikkje alltid så lett å finna fram. Vår rolle vert då å hjelpe til med å finna informasjon og rette vedkomande å snakka nærare med, til dømes om det gjeld innspel til ein plan eller eit farleg punkt. Slike førespurnader kjem primært per telefon og e-post, men også ved direkte vitjing ein gong i blant. Nettsida vår, www.tryggtrafikk.no var ny i 2018 og skal vera meir intuitiv for den jamne brukaren enn tidlegare. Likevel har me merka i ein overgangsfase at ikkje alle finn fram til det dei tidlegare har brukt, og også her har det vore ein del førespurnader i løpet av hausten 2018.

Økonomi og finansiering

Trygg Trafikk sin distriktsleiar vert løna av Trygg Trafikk. Tiltak i fylket, reiseutgifter og kontorhald vert dekkja av Hordaland fylkeskommune. Me har også ei fulltidsstilling prosjektfinansiert av Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune frå og med februar 2018 til utgangen av 2019, i samband med Hjartesonene-prosjektet. Rekneskapen vert ført av rekneskapsføraren i Trygg Trafikk og revidert av BDO AS.

Aktivitetsmidlane frå FTU utgjorde 750 000 kr av inntektene i 2018. I tillegg var reise- og kontorbudsjettet for 2018 på 163 000, opplæringsavdelinga støtta russerebusen med 40 000 og Bergen kommune støtta russearrangementet i Grieghallen med 10 000. Trygg Trafikk var også kontraktspart på vegner av FTU og Trygg Trafikk om leige av Grieghallen, jf. 140 000 kr avsett i FTU-budsjettet til russearrangementet 27. april 2018. Det forklarar differansen i summene mellom tabellen nedanfor og ovanfor. Sjå elles eigen tabell for Hjartesonene-prosjektet; her hadde FTU også eit prosjektbidrag på 500 000. Resterande sum kjem frå Bergen kommune ved byrådsavdelinga for byutvikling med 250 000 kr, og frå byrådsavdelinga for barnehage, skule og idrett med 250 000.

Sidan midlane Trygg Trafikk Hordaland har fått tildelt

AKTIVITETSMIDLAR FRÅ FTU	SUM
Trafikksikker kommune	250 000 kr
Opplæring, kurs	250 000 kr
Refleks/fylkesaktivitetar	150 000 kr
Russ/vgs.	100 000 kr
Hjartesonene	Prosjektmidlar: Sjå eigen tabell
Sum søknad aktivitetsmidlar 2018	750 000 kr

Aktivitetar	Overført fra 2017	Inntekter 2018	Kostnader i 2018	Saldo 2018 Overføres til 2019
18 – Opplæringsarbeid/kurs	0	241 000	239 754	1 247
22 – Russ og vgs.	109	290 000	290 021	88
24 – Trafikksikre kommunar	927	264 000	264 466	460
29 – Fylkesaktivitetar	-765	145 000	143 859	376
99 – Reise, kontor og administrasjon	1 443	163 000	163 689	754
SUM	1 713	1 103 000	1 101 789	2 924
Prosjektmidlar Hordaland 2018				
92 – Hjartesonene	0	1 000 000	934 981	65 019
SUM	0	1 000 000	934 981	65 019

i 2018, kjem frå ulike kjelder, er det også nødvendig å forklara aktivitetsmidlane for seg og prosjektmidlane til Hjartesone åtskilde frå desse. Når det kjem til aktivitetsmidlane, er desse gjorde opp med eit lite mindreforbruk på 2170 kr (mindreforbruk på 754 kr til reise, kontor og administrasjon er då trekt frå). Nokre omdisponeringar er gjorde frå aktivitet 18 opplæringsarbeid/kurs og aktivitet 29 fylkesaktivitetar til aktivitet 24 Trafikksikker kommune. Det er mindre omdisponeringar det er snakk om, med 9000 kr frå aktivitet 18 og 5000 kr frå aktivitet 29 til aktivitet 24. Bakgrunnen for meirforbruket for Trafikksikker kommune med følgjande omdisponeringar er høg aktivitet i dei trafikksikre kommunane.

Hjartesone-prosjektet

For Hjartesone-prosjektet sin del er dei største kostnadane knytt til løn og sosiale kostnader, og til reiseverksemd

for prosjektleiaren. I tillegg er det gjort innkjøp av ein del Hjartesone-materiell. Dette har det vore lite av tidlegare, og det omfattar sjablongar som kan trykkast i asfalten, skilt til skular og faldarar, for å nemne noko. Det har vore planar om ein fagdag om Hjartesone for relevante målgruppe, som skuleleiing, tilsette i etatar, byrådsavdelingar, folkevalde og konsulentar. Det har vore for tidleg å gjennomføra ein slik fagdag i 2018, men me ynskjer å gjennomføra ein fagdag i 2019 for å dela relevante erfaringar og opparbeidd kunnskap. Me ser for oss at mindreforbruket av prosjektmidlar for 2018 vil gå til finansiering av ein fagdag i 2019.


Framtidige behov og moglegheiter

Trygg Trafikk er eit kompetansesenter innan det nasjonale trafikktryggleiksarbeidet og rettar kvart år søkelyset på kva vi meiner vil vere viktige arbeidsområde for det komande året. I Trygg Trafikk sin handlingsplan for 2019 fokuserer me på mellom anna følgjande moment og tiltak:



Me vil jobba for at kjennskap til nasjonale målsetjingar er godt utbreidd og forankra i vidare arbeid.

To av Trygg Trafikk sine viktigaste samarbeidspartnarar gjennomgår omorganiseringar, nemleg Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Me vil jobba for å sikra at trafikksikringsarbeidet vert godt vareteke gjennom desse prosessane. Det som er overordna for oss, er at me som samla fagmiljø evnar å retta blikket framover og å ha solide ambisjonar for trafikksikringsarbeidet. Likevel er det ikkje til å koma unna at avklaringar kring strukturar i nye Vestland fylkeskommune er viktig for alle involverte. Samanslåing av dei to fylkeskommunane og overføring av stillingar frå Statens vegvesen til nye Vestland fylkeskommune gjer at det per i dag er noko uvisst korleis den framtidige organiseringa i den nye fylkeskommunen vert. Trygg Trafikk kjem til å jobba for at Vestland fylkeskommune vert ein minst like aktiv pådrivar for trafikktryggleik som i dag, og at den nye organisasjonen er bevisst på



Fylkeskommunen vert ein endå viktigare pådrivar for betre trafikktryggleik i samband med fylkessamanslåinga og avviklinga av noverande sams vegadministrasjon. Det byr både på utfordringar og moglegheiter. Foto: Hordaland fylkeskommune.

ansvaret sitt. Det er også heilt klart at Statens vegvesen framleis vil vera ein svært viktig samarbeidspartnar, både for den nye fylkeskommunen og Trygg Trafikk. Sjølv om mykje er uklart, vil det vera viktig å tydeleggjera ambisjonar for trafikksikringsarbeidet vidare utover i 2019. Trygg Trafikk vil også jobba for at den nye fylkeskommunen får eit planverk for trafikktryggleik og klare rammer for vidare innsats. Eit viktig fundament i dette arbeidet er dei nasjonale målsetjingane i Nasjonal transportplan og Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018–2021. Me vil jobba for at kjennskap til nasjonale målsetjingar er godt utbreidd og forankra i vidare arbeid. For Trygg Trafikk vil det vera særleg viktig at arbeidet med trafikantretta arbeid vert forsterka, til dømes kanalisert gjennom Hjartesone, Trafikksikker kommune, Barnas Trafikkklubb, kampanjesatsing mellom anna for refleks og sykling, opplærings-

tiltak i skuleverket og kursing av faggrupper. I kontakten med kommunane er det ikkje tvil om at det er ei svært viktig støtte å ha fylkeskommunen med på laget, til dømes gjennom arbeidet med Trafikksikker kommune.

I 2019 vil arbeidet med Hjartesone halda fram, og ein ambisiøs framdriftsplan er lagd for skulane i Bergen kommune gjennom Hjartesone-prosjektet. Regional transportplan 2018–2029 for Hordaland har også ambisjonar om vidare spreining av Hjartesone i fylket elles. Me må få avklart om nye Vestland fylkeskommune tenkjer det same, også med tanke på bemanning vidare. Tilsvarende viktig er det med avklaringar kring arbeidet med Trafikksikker fylkeskommune, for å nemna nokre problemstillingar.

Samarbeid, kreativitet og mot blir bare viktigere i arbeidet frem mot 2030.

Samarbeid fordi alle blir bedre når vi deler kunnskap og erfaringer på tvers av sektorene.

Kreativitet fordi vi trenger andre løsninger i fremtiden enn de vi har i dag.

Og mot fordi det må tøffere grep til hvis vi skal nå målene vi har satt oss.

Jan Johansen
direktør i Trygg Trafikk



TRYGG TRAFIKK

TRYGG TRAFIKK HORDALAND
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf.: 412 06 132
E-post: nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no/hordaland

TRYGG TRAFIKK
Tullins gate 2
Postboks 277 Sentrum
0103 Oslo

Tlf.: 22 40 40 40
hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no